

SAK 04-17 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2017 - 2020

Saksopplysning

Som ein start på revidering av Strategisk plan for Hallingdal, gjennomførte Hallingtinget drøftingar og gruppearbeid på arbeids/studietur 30.5 - 31.5. 2016. Hallingtinget kom med innspel til hovudpunkt og strategiar.

Med bakgrunn i m.a. Hallingtinget sine drøftingar og vidare arbeid i Regionrådet og Rådmannsutvalet er det no laga eit endeleg forslag til Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020.

Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har noko å seie for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

Når det gjeld handlingsprogrammet har Regionrådet ynskje om at det blir vedteke etter at kommunane i Hallingdal har kome med forslag til tiltak, i forhold til vedtekne innsatsområder.

Forsalg til vedtak

1. Hallingtinget vedtek Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 med innsatsområder.
2. Hallingtinget ber kommunane i Hallingdal koma med forslag til tiltak i forhold til vedtekne innsatsområder.
3. Hallingtinget vedtek handlingsprogram for 2018 med bakgrunn i vedteken plan og uttaler frå kommunane.

Ål 19.4.2017
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Strategisk Plan for Hallingdal 2017 - 2020, endeleg forslag

STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2017 - 2020



leiken, ekta, fri, frisk



HALLINGDAL

Innholdsfortegnelse

1.	INNLEIING	2
1.1	Kort om bakgrunn, gjeldande plan	2
1.2	Oppbygging av planen	3
2.	GENERELL DEL.....	3
2.1	Kort om regionen	3
2.2	Regionalt utgangspunkt.....	3
2.3	Overordna nasjonale føringar	4
2.4	Tal, trendar og utvikling.....	4
3.	KOMMUNESTRUKTUR, REGIONSTRUKTUR	5
4	KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL	6
4.1	Generelt.....	6
4.2	Konkurransefortrinn for Hallingdal	6
4.3	Hovudutfordringar for Hallingdal	7
5	STRATEGI, MÅL OG INNSATSOMRÅDE	8
5.1	Livskvalitet	8
5.2	Hovudmål	8
5.3	Innsatsområder, modell strategisk plan.....	9


Vedlegg 1: Tal, trendar, utvikling

1. INNLEIING

1.1 Kort om bakgrunn, gjeldande plan

Utgangspunktet for ein strategisk plan for Hallingdal er m.a.:

- I vedtektene til Regionrådet for Hallingdal § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram
- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde, er det nødvendig med eit langsiktig og strategisk dokument.
- Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune har ei eigen partnerskapsavtale. Formålet er at denne avtale skal vera med å utvikle regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i regional delplan sine målsettingar. Avtala forpliktar til og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekt samt finansiering av desse.



I tillegg kan det vera argument som:

- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde er det nødvendig med eit meir langsiktig og strategisk dokument, eit felles fundament.
- Ein strategisk plan kan gje grunnlag for betre utnytting av ressursar.
- Eit plandokument kan vere med å ta vare på og utvikle næringslivet.
- Eit planarbeid kan gje ansvars- og rolleavklaringar, kan utløyse økonomiske verkemiddel og skape engasjement og forståing for regionalt samarbeid.

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan. I omgrepet strategisk ligg det at planen skal vera målretta og omfatte nokre utvalte innsatsområde.

Planen skal ta for seg sentrale utfordringar som regionen står overfor. Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har noko å seie for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

Regionrådet for Hallingdal sin fyrste strategiske plan vart vedtek av kommunane i slutten av 1997 og galdt for perioden 1998 – 2001. I sak 12/12 vedtok Hallingtinget sist vedteken Strategisk plan for Hallingdal, for perioden 2013 – 2016 .

Hovudmål i gjeldande plan er at:

”Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, ”innad som utad.”

1.2 Oppbygging av planen

Planen blir sett saman av to delar: strategisk del med definerte innsatsområde og mål og eit handlingsprogram som blir laga på bakgrunn av vidare handsaming i Hallingtinget.

Den strategiske delen av planen beskriv ståstaden for Hallingdal. Det blir gjeve ei vurdering av dagens situasjon med sterke sider, som me bør ta vare på og utvikle vidare og svakheiter som me eventuelt må kompensere for. I tillegg er det sagt noko om mål/ambisjonar og til slutt dei strategiar eller vegval som er foreslått frå dagens situasjon til målet.

Planen sin strategiske del ligg i hovudsak fast for perioden 2017 – 2020, medan handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

2. GENERELL DEL

2.1 Kort om regionen

Hallingdalsregionen er ein av regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol utgjer regionen. I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare høyrde til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.

Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km². Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h. Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km² vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Fv.50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Fv.51 til Valdres og Fv.40 går frå Geilo til Numedal.

KOMMUNE	FOLKETAL 1.1.2017	AREAL KM ²
Flå	1081	705
Nes	3357	810
Gol	4612	533
Hemsedal	2442	753
Ål	4719	1 172
Hol	4535	1 867
Sum	20746	5 840



2.2 Regionalt utgangspunkt

Ein del bakgrunnsstoff for arbeidet.

- [Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016](#)
- [Byregionprogrammet](#) er eit arbeid som er prioritert dei næraste åra og vil vera ein del av satsinga i revidert strategisk plan.
- Samfunnsnanlysa som Menon gjorde i samband med Byregionprogrammet kan og vera verdt å ta ein kikk på, den ligg [her](#).

Fylkeskommunen skal minst éin gong i kvar valperiode utarbeide ein [regional planstrategi](#) (2017 - 2020) i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar, syner og til Hallingtinget sak 11-16. Planstrategien gjer greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurderer langsiktige og moglege utviklingretningar og utviklingsmål for fylket.

2.3 Overordna nasjonale føringer

For å fremme berekraftig utvikling, skal regjeringa kvar fjerde år utarbeide [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging](#). Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommune og kommune legg særleg vekt på i planlegginga i åra framover.

I dokumentet for 2015 har regjeringa vektlagt tre hovudområde:

1. **Gode og effektive planprosessar:**
2. **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling:**
3. **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadorområde:**

2.4 Tal, trendar og utvikling

Tal og statistikk gir eit innblikk av nå-situasjonen. Saman med hovudtrendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje tankar om vegval for framtida.

I vedlegg 1 er det sett saman ein del aktuell statistikk.

3. KOMMUNESTRUKTUR, REGIONSTRUKTUR

Kommune- og regionstruktur skal vedtakast av stortinget våren 2017. Når det gjeld kommunestruktur vil det ikkje skje endringar i Hallingdal dei næraste åra, men vedtak som blir gjort vil kunne ha stor innverknad på det strategiske planarbeidet i Hallingdal, utan at omfanget av dette er tydeleg i dag. Hallingdal vil bli ein del av region Viken som er fylka Akershus, Buskerud og Østfold. Totalt 1 170 000 innbyggjarar eller 22 prosent av landets folketal, 50 kommunar og eit areal på om lag 24 000 km².



Framlegg til ny inndeling av folkevald nivå

Spørsmålet vil m.a. vera korleis Hallingdal kan unngå politisk, geografisk, økonomisk og demografisk marginalisering, men ta grep som kan bidra til utvikling og vekst, der Hallingdal utnyttar sine fortrinn. Avstandar og ytterkant i den nye regionen er ei utfordring Hallingdal må vera bevisst på. Spørsmålsstillingar vil m.a. vera:

- politisk representasjon i det nye forvaltningsnivået
- ressursfordeling og bruk av verkemidlar
- vekstkraft og næringsutvikling
- sentralisering/desentralisering og demografisk utvikling
- interessefellesskap og interessekonfliktar

Hallingdal si evne til å hevde sine interesser er m.a. avhengig av:

- "kjøttvekt", eller tyngda av befolkninga sett i forhold til den store regionen
- plassering i geografien
- posisjonen i forhold til alliansar og skiljelinjer i kultur og politikk
- tydeleggjering av Hallingdal som distrikt- og fjellregionen

Hallingdal vil i utgangspunktet ikkje ha nokon sterk stemme i den nye regionen. Styrken til Hallingdal vil fyrst og fremst vera i forhold til fellesskapet, som vil ligge i reiselivsregionen/rekreasjonsområde Hallingdal, felles kommunikasjonsårer og hovudferdselsårene aust - vest. I tillegg er Hallingdal ein av få distriktsregionar med ein viss vekst.

Med ein ny regionstruktur blir eit godt regionalt samarbeid i Hallingdal kanskje viktigare enn nokon gong.

4 KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL

4.1 Generelt

Befolkninga i Norge er i endring. Ein aukande del bur i tettbygde strok. Vi blir eldre, og fleire eldre har betre helse. Vi har ei historisk høg innvandring, særleg på grunn av høg arbeidsinnvandring. Norge vil bli eit stadig meir mangfaldig og meir globalt integrert samfunn. Globaliseringa er òg avgjerande for korleis næringsverksemdene rundt i landet utviklar seg. Mange av dei norske næringane er konjunkturutsette, og evna til å tilpasse seg dei internasjonale marknadene er avgjerande.

Nye forretningsmodellar og automatisering er i ferd med å endre både arbeidsliv og marknader. Kunstig intelligens, helseteknologi, nanoteknologi, energilagring, 3D-printing og sirkulærøkonomi er stikkord. Effekten av automatisering og robotisering gjer at oppgåver eller jobbar blir overflødige, og vi vil truleg få ei relativt stor endring i yrkesstrukturen. Den digitale utviklinga gjev samtidig norske verksemdar høve til å flytte produksjon attende til Norge. Utviklinga skaper i seg sjølv nye behov og nye moglegheiter. Mange av dei norske byane veks, og urbaniseringa byr på moglegheiter og utfordringar. Verksemdene, institusjonane og menneska sine val av lokalisering og busetjing, gjer at arbeidsplassar som krev høgare utdanning, i stor grad veks fram i større arbeidsmarknader.

Rike naturressursar og høg kompetanse gjev oss konkurransefortrinn i overgangen til lågutsleppssamfunnet. Norge har rikeleg tilgang på fornybare biologiske ressursar både i havet og på land, og ein industri- og kompetansebase som er godt eigna til å utnytte dette potensialet. Ei tid med raske endringar krev evne til omstilling i næringslivet, fornying i offentleg sektor, kutt i klimagassutslepp og tilpassing til nye klima og miljøvilkår i samfunnet.

4.2 Konkurransfortrinn for Hallingdal

Konkurransfortrinn er t.d:

- Hallingdal er ein av få distriktsregionar som over tid har hatt ein viss vekst i befolkning og arbeidsplassar.
- Hallingdal er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- Hallingidentitet – hallingkultur
- Geografisk plassering
- Entreprenørskap
- Ein arbeids-, bu- og serviceregion
- Gode bu- og oppvekstvilkår
- Levande bygder
- Kort avstand til Osloområdet/ Vestlandet, sentralt i Sør-Norge
- Hovudferdselsårer aust-vest
- Godt regionalt samarbeid
- Attraktive hytteområde
- Attraktiv natur

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringar og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt.

4.3 Hovudutfordringar for Hallingdal

I samfunnet er det auka konkurranse mellom regionar og byar for å tiltrekke seg og behalde fagfolk. Globalisering fører til hardare lokaliseringskonkurranse mellom land og regionar. I denne samanhengen er det ofte dei som har sterke fagmiljø som vinn konkurransen. For å nå fram i ein slik konkurransesituasjon må regionar dyrke det unike og det som gjer at dei når fram i konkurransen med andre regionar. Det er ikkje berre ein nasjonal konkurranse, men marknadane og konkurransen blir stadig meir internasjonal.

Nokre av hovudutfordringane for Hallingdal oppsummerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknader og næringar
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Individualisering og sjølvrealisering
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer
- Klima

I denne verkelegheita står Hallingdal overfor nokre utfordringar. Kvart år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt av unge menneske som flytter til byar som Oslo, Trondheim eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende. Dette kunne m.a. resultert i at Hallingdal hadde eit underskot på innbyggjarar i arbeidsdyktig alder, spesielt arbeidstakarar i 30- og 40-årsalderen, her reddar innvandring Hallingdal.

Yrkesaktive i forhold til arbeidsplassar kan og vera eit viktig parameter. Hallingdal hadde i 2000 eigendekning på 94,2 prosent, stigande til 95,6 prosent i 2011. Dette er positivt for Hallingdal som i liten grad kan basere seg på å vera ein bustadregion. Utfordringa for Hallingdal er her å skapa ein meir variert arbeidsmarknad, med nye type arbeidsplassar, som er attraktive og der bukvalitetane blir verdsatt.

Næringslivet i Hallingdal har lågare verdiskaping pr. tilsett, og lågare lønnsnivå, enn landsgjennomsnittet.

Utfordringar i forhold til befolkning, næringsliv og kompetanse heng nøye saman, og ved å løyse ein av dei, blir føresetnadane for å løyse dei andre styrka.

5 STRATEGI, MÅL OG INNSATSOMRÅDE

5.1 Livskvalitet

Ein kan stille spørsmålet, kva er det som er grunnleggjande føresetnadar for ei positiv utvikling av Hallingdal. Svaret kan vera:

- Positiv befolkningsutvikling, sunn demografi
- Lønsame arbeidsplassar
- Kompetent arbeidskraft

Brutto nasjonalprodukt og andre økonomiske indikatorar gir viktig informasjon, men kan det setjast likskapsteikn mellom høg materiell velstand og eit godt liv?

Vekst blir ofte målt med økonomiske statistikkar, der fokus er meire på økonomi enn på menneske. Verdien av utdanning, helse, tryggleik og gode relasjonar til andre kan t.d. ikkje lesast utifrå BNP, men har svært mykje å seie for livskvaliteten. I høve til befolkninga samla vert dette ofte uttrykt gjennom omgrepet folkehelse.

Høg livskvalitet har stor verdi i seg sjølv – både for den einskilde person og for samfunnet. Men livskvalitet har også samfunnsverdi som kjelde til vekst. Det er menneske sin kunnskap, engasjement og overskot som er med på å skapa vekst og utvikling i samfunnet, som heilskap og i den einskilde verksemd.

Vekst handlar grunnleggjande om eit ynskje om å skapa betre liv for innbyggjarane.

Ut frå ei slik tilnærming skal det leggjast vekt på livskvalitet (eit godt liv), som ein del av Strategisk plan for Hallingdal. Våre verdiar; leiken, ekta, fri og frisk kan uttrykkje dette.

5.2 Hovudmål

Hallingdal skal bli ein meir **attraktiv, positiv og produktiv** region, der alle har moglegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besøkande.

Attraktiv

Hallingdal skal vera ein attraktiv region, med sterke sentrum og levande bygder. Her skal innbyggjarane ynskje å busetja seg, flytte attende til og tilflyttarar ynskjer å bli buande.

Hallingdal skal vera ein attraktiv region å besøke og trekke til seg nye verksemder.

Positiv

Hallingdal som ein attraktiv busetjings og reiselivsregion er heilt avhengig av eit vertskap, som er positiv. Positive tankar skapar positivitet i kvardagen, også på arbeidsplassen, mens negative tankar gjer det motsette. Sidan våre haldningar lett smittar over på dei som er rundt oss, blir det stadig viktigare å skapa positivitet på arbeidsplassen. Dei som lykkast med dette vil sannsynligvis vera dei som lykkast i dagens moderne kunnskapssamfunn. Positiv tenking skaper meir innovative og effektive organisasjonar.

Hallingdal vil ha aktive og friske innbyggjarar som deltek i arbeidsmarknaden, engasjera seg og startar nye verksemder.

Produktiv

Hallingdal skal kjenneteiknast med konkurransedyktige og produktive verksemder. Det krev ein engasjert, kompetent og idérik arbeidsstyrke, i tillegg god fysisk og digital infrastruktur og samarbeid på tvers av næringar og geografi.

5.3 Innsatsområder, modell strategisk plan

Med bakgrunn i Hallingtinget og regionrådet sine drøftingar er det føreslege 6 innsatsområder, med tiltak på overordna nivå:

- Folk som ressurs (humankapital)
- Infrastruktur
- Arbeidsplassar
- Fleirkjernestruktur
- Bukvalitet
- Samarbeid

Ut frå verdiar, hovudmål og innsatsområde er det utvikla ein modell som på ein forhåpentlegvis lettfatteleg og illustrativ måte skal fortelja hovudinnhaldet i Strategisk plan for Hallingdal.



VEDLEGG 1: TAL, TRENDAR OG UTVIKLING

1.1 Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster




Fig.1 Folkestalsutvikling Hallingdal 2005 – 2017

Kommune	Endring 2005 - 2017	Endring ved framskriving 2040 (MMMM)	Folketal 2040 framskrive
Flå	83	187	1261
Nes	-128	-137	3285
Gol	237	244	4822
Hemsedal	533	1167	3589
Ål	49	125	4836
Hol	-22	118	4615
Hallingdal	752	1704	22408

Tabell 1 Framskriving folkestalsutvikling Hallingdal 2040

Som ein ser er det Hemsedal som har den verkeleg store befolkningsveksten i Hallingdal og som vil ha det dei komande åra. Grovt sett har Flå og Gol ei positiv utvikling, Ål og Hol er status quo, medan Nes har ei negativ utvikling.

Hallingdal har gjennom fleire år hatt ei viss befolkningsauke og folketalet i Hallingdal har aldri vore høgare. Samstundes er det viktig å sjå på alderssamansetjing og utvikling over tid.




Fig.2 Hallingdal, folketilvekst, fødselsoverskot, innlandsk nettoflytting og netto innvandring 1997- 2016

Ser ein på samanhengane mellom fødselsoverskot, innvandring/utvandring og innflytting/utflytting er det som for dei fleste andre regionar i Norge, innvandring som sørgjer for ei positiv befolkningsutvikling.




Fig.3 Fødselsoverskot Hallingdal, 1951 – 2015 (5 års bolkar)




Fig.4 Folketalsutvikling nokre fjellregionar 2002 - 2016

Kjenneteikna for befolkningsutviklinga i Hallingdal er stabil eller ein svak oppgang. Samanlikna med tilsvarande fjellregionar har Hallingdal hatt ei positiv utvikling.




Fig.5 Alderssammansetjing Hallingdal, 1986 og 2016

Utviklingspotensialet i ein region kan i mange tilfelle vera meir påverka av alderssamansetning enn av befolkningsauke. For Hallingdal har det i perioden 1986 – 2016 vore ein nedgang i aldersgruppa 0-49 år, frå 65,7% til 59,2% (landssnittet i 2016, 65,3%). Dette er ikkje ei spesiell utvikling for Hallingdal som distriktsregion, men det er ei utvikling som må takast på alvor. Fleirtalet av distriktsregionane har høgt fødselsunderskot, også i nasjonal samanheng. Årsakene til dette er alders- og kjønnsamansetning som gjev låg naturleg vekstkraft. Flyttereakeskapet for desse regionane er negativt. Dette saman med fødselsunderskot fører ein svak befolkningsdynamikk. Dette gjer at det mønsteret me ser i dag vil halde fram i dei komande åra. Det er viktig å understreke at i denne samanheng har ikkje Hallingdal alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative.

1.2 Pendling

Pendling kan sjåast på som ei tilpassing til arbeidsmarknaden og er eit alternativ til flytting eller arbeidsløyse. I tillegg er det stadig fleire som vel å pendle fordi dei ynskjer å bu i eit bestemt område pga. prioriterte bukvalitetar, samstundes som ein ikkje finn arbeid som samsvarer med eigne jobbkraft i buregionen. Figur under syner noko av dette bilete.




Fig.6 *Nettopendling Hallingdal - interaksjon med andre område*




Fig.7 Inn- og utpendling etter kommune (SSB/PANDA, 2014)

Det syner seg at distriktsregionar ofte har ein låg del som pendlar ut, dette gjeld også Hallingdal. På same måten har distriktsregionar låg innpendling. Ein av konklusjonane er at mange distriktsregionar i relativt liten grad er integrert i andre regionar. Dette vil med andre ord seie at desse regionane i stor grad må stole på egne krefter i forhold til å få til utvikling (kan ikkje satse på busettingsbasert næringsutvikling). Hallingdal hadde i 2011 eigendekning i forhold til arbeidsplassar på 95,6 prosent.

1.3 Utdanning




Fig. 8 Andel personer over 16 år med universitet/høgskule




Fig. 9 Hallingdal, endring utdanningsnivå




Fig.10 Del av befolkninga over 16 år med grunnskolenivå og høgare utdanning 2015 (SSB)

1.4 Næringsutvikling og næringsdynamikk

Arbeidsplassane og yrkesbefolkninga i ein region er hovudfundamentet for å sikre framtidig busetting, og for å skape verdiar som gir inntekter for kommunane. I ein slik samanheng er det derfor viktig å vurdere følgjande spørsmål:

- Korleis har talet på arbeidsplassar i Hallingdal utvikla seg?
- Korleis er nettoppendlinga, dvs arbeidsplassar minus yrkesaktive busett i Hallingdal.
- Kor stor del utgjer arbeidsplassane i kommunal sektor samanlikna med samla tal på arbeidsplassar?
- Korleis er næringsstrukturen, korleis har den endra seg? Er den sårbar i forhold til framtidig utvikling?




Fig.11 Hallingdal, sysselsette etter næring 2015




Fig.12 Hallingdal, indeksert arbeidsplassutvikling 2006 - 2016, (2006 = 100)

Sysselsettingstall er oppdatert til og med 2016-tal. Sysselsettingsstatistikk er endra frå og med 2015 og er ikkje direkte samanliknbar bakover. Sysselsette i nytt datagrunnlag er ca. 2,4 % lågare.




Fig. 13 Arbeidsplassar i Hallingdal 2006 - 2016




Fig.14 Sysselsette etter bustad 2005 - 2014




Fig.15 Sysselsatte etter arbeidsstad 2005 - 2014




Fig.16 Sysselsatte i Hallingdal fordelt på sektorar

Noko av konklusjonane for Hallingdal er ein svak nedgang av arbeidsplassar i privat næringsliv og ein auke innan offentleg sektor. I denne samanheng er det grunn til å peike på at Hallingdal har ein relativt stor del arbeidsplassar i privat næringsliv. I 2015 hadde Hallingdal 68% sysselsatte i privat næringsliv. Av landets 82 økonomiske regionar låg her Hallingdal på niande-plass.

Arbeidsløysa i Hallingdal er og har vore låg både reelt og i forhold til resten av fylket. I Hallingdal har arbeidsløysa dei siste åra variert mellom 1- 2 %.

1.5 Lønnsemd




Fig.17 Utvikling verdiskaping i privat sektor, 2004 – 2015




Fig.18 Verdiskaping fordelt på næringer, 2004 og endring til 2015

1.5 Varehandel




Fig.19 Detaljomsetning pr. innbyggjar 2015


Varehandel, 2014 og 2015						
VIRKSOMHETER, SYSSELSETTING OG OMSETNING ETTER NÆRING OG KOMMUNE						
47 Detaljhandel, unntatt med motorvogner						
	Antall virksomheter		Sysselsetting		Omsetning	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Tusen kroner						
Drammen	384	360	3 241	3 145	6 758 386	7 053 374
Nedre Eiker	103	90	997	972	2 244 688	2 367 959
Lier	127	126	1 280	1 290	2 839 404	2 808 365
Røyken	76	77	444	403	983 256	1 010 365
Hurum	45	49	269	257	557 165	584 083
Sigdal	18	17	121	94	236 574	218 776
Modum	75	72	445	415	996 688	1 008 785
Øvre Eiker	98	100	494	453	1 078 794	1 104 869
Krødsherad	14	12	69	73	172 479	166 684
Ringerike	172	179	1 363	1 243	2 827 034	2 922 479
Hole	15	17	100	106	335 738	343 263
Flå	7	6	69	63	145 347	165 037
Nes	22	21	149	141	370 597	336 847
Gol	38	39	330	316	779 491	833 765
Hemsedal	17	18	125	90	307 646	336 017
Ål	43	35	145	145	354 475	378 964
Hol	41	45	224	201	557 340	572 297
Kongsberg	156	151	1 135	1 091	2 349 557	2 426 496
Flesberg	14	14	63	58	154 148	156 932
Rollag	3	4	51	51	86 429	94 675
Nore og Uvdal	16	15	105	91	184 101	181 992
Buskerud	1 484	1 447	11 219	10 698	24 319 337	25 072 024

Tabell 2 Detaljhandel unntatte motorvogner 2014 og 2015 (Kjelde SSB, tabell 08536, 07196)

Varehandel, 2014 og 2015						
VIRKSOMHETER, SYSSELSETTING OG OMSETNING ETTER NÆRING OG KOMMUNE						
46 Agentur- og engroshandel						
	Antall virksomheter		Sysselsettin		Omsetning	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
	Tusen kroner					
Drammen	388	391	1 851	1 755	8 887 777	8 152 655
Nedre Eiker	103	101	510	501	2 601 339	2 368 641
Lier	163	165	1 023	999	9 154 013	9 762 674
Røyken	93	92	476	462	1 992 271	2 988 376
Hurum	37	33	91	82	638 922	580 512
Sigdal	7	8	13	12	27 258	28 974
Modum	44	44	100	108	349 691	352 296
Øvre Eiker	63	73	215	190	1 390 597	1 392 820
Krødsherad	8	8	16	11	65 883	74 980
Ringerike	108	99	394	393	1 862 826	1 990 484
Hole	34	35	77	62	177 018	195 083
Flå	2	3	6	5	:	7 093
Nes	10	9	16	13	52 577	94 076
Gol	14	16	102	99	475 810	486 293
Hemsedal	10	10	42	23	54 736	62 700
Ål	23	24	43	39	137 767	156 920
Hol	16	12	45	43	116 163	132 028
Kongsberg	55	63	331	289	787 755	859 229
Flesberg	4	3	5	2	:	1 735
Rollag	3	3	8	6	11 753	13 691
Nore og Uvdal	8	7	16	15	26 654	28 279
Buskerud	1 193	1 199	5 380	5 109	28 810 810	29 729 539


Tabell 3 Detaljhandel unnateke motorvogner 2014 og 2015 (Kjelde SSB, tabell 08536, 07196)

1.6 Diverse



Figur 20: Bustadattraktivitet i regionane i BTV i 2015 som delindikator for relativ nettoflytting samt arbeidsplassseffekt og struktureffekt. Talet til venstre av regionnamnet viser rangering regionar heile landet. (Kjelde: Næringsindikatorer for Buskerud 2016, Telemarkforskning)


Kongsberg/Numedal og Hallingdal er regionane som hadde høgast bustadattraktivitet av regionane i Buskerud i 2015.



Figur 21: Relativ vekst i talet på arbeidsplassar i næringslivet, dekomponert i bransjeeffekt, befolkningseffekt og næringsattraktivitet i regionene i BTV i 2015. Målt som effekt i prosent av samla sysselsetting. Tallet til venstre for regionnavnet viser rangering regionar heile landet. (Kjelde: Næringsindikatorer for Buskerud 2016, Telemarkforskning)

Hallingdal hadde høgast næringsattraktivitet av regionane i Buskerud i 2015 og vart rangert som nummer ni av dei 84 økonomiske regionane i landet.

Hallingdal har låg arbeidsmarknadsintegrasjon. Det er lite pendling inn og ut av Hallingdal, og regionen dannar derfor sin eigen arbeidsmarknad. Regionen er forholdsvis liten og lokalisert langt frå dei store arbeidsmarknadane, noko som gir mindre gunstige strukturelle føresetnadar for vekst. Likevel har Hallingdal god arbeidsplassutvikling og flyttetall, og rangerar dermed høgt på attraktivitetsmåla.



Figur 22 *Antall fritidsbustadar 2006 og 2016 (SSB)*